

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.04.2018

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett gjorde merksam på nokre endringar i forslaget til høyringsvar, siste del av punkt 16. Skriftleg forslag til endring vert lagt fram for fylkesutvalet.

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5 (fylkesrådmannen sitt punkt 5 vert punkt 6):

Når det gjeld kultur, vil Hordaland fylkeskommune påpeike at ekspertutvalet si innføring av omgrepet «hovudstatsinstitusjonar» ikkje er tenleg, verken for spørsmålet om desentralisering av oppgåver eller for kulturpolitikken. Det er ingen grunn til å leggje opp til ulik handsaming av institusjonar som Oslo-Filharmonien og Bergen Filharmoniske Orkester – eller Nationaltheatret Den Nationale Scene. Dei same prinsippa for oppgaveoverføring må leggjast til grunn for desse institusjonane.»

**Geir Kjell Andersland (V)** sette på vegner av V, Frp og H fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2 (de øvrige punkter i forslaget til innstilling forskyves tilsvarende):

Hordaland fylkeskommune vil videre understreke at dagens sentrale nasjonale kulturinstitusjoner, herunder Den Nationale Scene og Bergen Filharmoniske Orkester, må opprettholde denne status.

Geografisk lokalisering skal ikke være et kriterium for å kunne gis status som nasjonal kulturinstitusjon.

Hordaland fylkeskommune mener at kulturinstitusjonene Carte Blanche, Festspillene i Bergen og Bergen Nasjonale Opera også må få status som nasjonale kulturinstitusjoner.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot 6 røyster (V, Frp, H) for Andersland sitt forslag.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune er vedlagt
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til ekspertutvalet sitt forslag om at frie inntekter i hovudsak vert lagt til grunn for finansiering av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ansvarsoverføringane vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar, vert overført fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.
3. Hordaland fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Hordaland fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
  - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
  - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.

- c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Når det gjeld kultur, vil Hordaland fylkeskommune påpeike at ekspertutvalet si innføring av omgrepet «hovudstatsinstitusjonar» ikkje er tenleg, verken for spørsmålet om desentralisering av oppgåver eller for kulturpolitikken. Det er ingen grunn til å leggje opp til ulik handsaming av institusjonar som Oslo-Filharmonien og Bergen Filharmoniske Orkester – eller Nationaltheatret og Den Nationale Scene. Dei same prinsippa for oppgaveoverføring må leggjast til grunn for desse institusjonane.
6. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Forslag til fleire oppgåver er nemnt i det vedlagte høyringssvaret.